

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Vår ref.:
2006/387 - 3303/2006

Deres ref.:

Saksbehandler:
Åsmund Norheim , 51 96 38 08

Dato:
06.10.2006

HØYRING – Graver rapporten.

Helse Vest RHF har mottatte høyringsuttale frå Helse Stavanger HF datert 03.08.d.å. Uttalen er lagt ved dette brevet.

Helse Vest RHF sluttar seg til forslaget om å utferde eiga forskrift som omhandlar attestar, erklæringar m.v. Slike dokument representerer fagleg tyngde og har derfor stor beviskraft innafor så vel rettspleien som andre sentrale samfunnsområde. Det er derfor viktig at det blir stilt krav til form og innhald i desse dokumenta som skal sikre at ein har tillit til innhaldet og at dette er etterprøvbart.

Sjølvs om helsepersonellova § 15 allereie i dag stiller krav på eit overordna nivå til den som utferdar attest, erklæring m.v., er vi einige i at desse krava bør utdjupast i ei eiga forskrift. Ei eiga forskrift vil, som det blir peika på, ha ein pedagogisk effekt og vil bevisstgjere den som utferdar slike dokument på det ansvaret som kviler på vedkomande.

Vi er også einige i at habilitetskrava blir tydeleggjort og utdjupa ved at den som utferdar dokumentet må gjere greie for sitt forhold til pasienten og kven som er oppdragsgivar for dokumentet som er utferda og om rolla er å utferde behandlarerklæring eller sakkyndigerklæring.

For at forskrifta skal framstå mest mogleg komplett og bidra til eit skjerpa fokus på ansvaret det inneber å utferde attestar, erklæringar m.v., bør den utstyrast med sanksjonsreglar slik arbeidsgruppa føreslår. Vi er derimot kritiske til arbeidsgruppa sine synspunkt som er uttrykt i siste avsnitt på side 50 i rapporten. Det blir her argumentert for at tilbakekall av retten til å utferde attestar m.v. kan begrensa til å gjelde bestemte typar attestar, erklæringar mv. eller attestar, erklæringar mv. til bestemte formål.

Det er viktig at håndheving av brot på forskrifta framstår som konsekvent og effektiv. Vi trur at vedtak om delvis tilbakekall av retten til å utferdige attest, erklæring m.v. vil svekke den autoritet som er meint å liggje i den sanksjonen i ei avgjerd om tilbakekall er meint å vere. Brot på regelverket om utferding av attestar, erklæringar m.v. er eit brot på tillit i forhold til viktige samfunnsinteresser. Konsekvensen av dette bør vere tap av retten til å utferde slike dokument generelt for kortare eller lengre tidsrom. Å nyansere denne sanksjonen på annan måte vil lett bidra til å tilsløre innhaldet i sanksjonen og vanskeleggjere kontrollen og

handhevinga av at sanksjonen blir etterlevd. Dessutan har ein vanskeleg for å sjå at den som har brote regelverket om attestar, erklæringar mv. og som konsekvens av dette får tilbakekalt retten til å utferdige slike, likevel skal ha tillit til å gjere dette i ei nærmare avgrensa utstrekning.

Vi er einige i at hensynet til eit einheitleg sanksjonssystem og rettssikerheita til den enkelte tilseier at det blir etablert eit felles klageorgan for slike vedtak.

Med helsing


Høge Bryne
Viseadm.direktør


Åsmund Norheim
seniorrådgivar